



Undersøking for av førekomst av elvemusling i nokre bekkar på austsida av Dåfjorden i Fitjar og Stord kommunar

Av: Steinar Kålås

Til: Statens vegvesen v/ Jannicke Neteland Olsen

Dato: 09.10.2017

Bakgrunn

Statens vegvesen har, i samband med reguleringsplanarbeid på FV 545 i området ved kommunegrensa mellom Fitjar og Stord, fått utarbeidd fagrapport for naturmangfald og vassmiljø (Langelo og Kristiansen 2017). I dialog mellom Statens vegvesen og Fylkesmannen i Hordaland er det påpeika at elvemusling, som er raudlista som sårbar (Henriksen & Hilmo 2015), er kjent frå ei elv som renn ut i Dåfjorden. I samband med kalkingsplanen for Fitjar kommune frå 1995, kom det inn informasjon om at: «I Fitjar skal det også ha vært flere bestander med elveperlemusling, og fremdeles skal det finnes bestander i tilknytning til elver som renner til Dåfjorden» (Kålås mfl. 1996). Det er ikkje avklart om det er førekomstar av elvemusling i fleire vassdrag til Dåfjorden enn den eine som vart «gjenfunnen» i 2013. Statens vegvesen har derfor bede om ei tilleggsundersøking for førekomst av elvemusling i elvar som kan bli påverka av vegarbeide i det omtalte området. Ei slik undersøking vart utført 26. september 2017.

Synfaring 26. september 2017

Tinnselva ligg i reguleringsområdet, og kan bli påverka av arbeidet med utbetring av vegen i området. Rundehaugtjørna i randsona nord i planområdet og Longvassbekken i randsona sør i planområdet vil truleg ikkje verte påverka, men for å vere på den sikre sida vart elvestrekningar til nedre delar av desse felte også undersøkt.

Det var pent vær ved befaringen, lufttemperaturen var 14 – 20 °C og det blas ein søraustleg bris. Det hadde vore lite eller ikkje nedbør dagane før undersøkinga, vassføringa i elvane var middels til låg og tilhøva for undersøkinga var gode.

Tinnselva renn frå Stemmetjørna via Røytetjørna/Kvernatjørna til Dåfjorden. Fire vassprøvar tekne i 1995 viste surleik mellom pH 6,1 og 6,8 (Kålås mfl. 1996). Dette er godt innanfor kravet til godt livsmiljø for elvemusling med omsyn på surleik (Degerman mfl. 2009). Det er også lite næring og partikkeltilførsler til vassdraget, så vasskvaliteten skulle vere god nok for elvemusling.

Tinnselva er 8-10 m brei og hadde full vassdekning då den vart undersøkt. Det er nokre større holar i elva, og fossar nedstraums både Stemmetjødna og Røytetjørna. Store delar av elvbotnen er fast fjell, og substrat av stor stein og blokk dominerer elles. Dette er ikkje botntilhøve som er eigna habitat for elvemusling.

Tilgjengelege delar av elvebotnen til Tinnselva frå sjøen og opp til Stemmetjørna vart undersøkt gjennom vasskikkert. Det vart ikkje observert elvemusling, og dette var ikkje uventa sidan elva frå Stemmetjødna og til sjøen har ueigna hobotat for elvemusling.

Sideelva som kjem inn i Tinnselva frå nord like nedstraums vegbrua, vart også undersøkt. Denne har finare substrat, men elva er liten og tørkar truleg ut i tørre periodar og er heller ikkje eigna habitat for elvemusling.

Ei elvestrekning på 100 m frå Stemmetjørn og oppover vart også undersøkt. Heller ikkje her var det observert levande elvemusling eller skal av elvemusling. Elvebotnen såg heller ikkje her ut til å vere eigna for elvemusling.



Figur 1. Bilete som viser delar av området som vart undersøkt 26. september 2017. Øvst til venstre er Tinnselva nedstrøms i stryk ned mot Røytetjørna. Øvst til høgre er utløpet av Tinnselva frå Røytetjørna. Nede til venstre er innløpet til Stemmetjønna og nede til høgre er eit utsnitt av nedre del av Longavasselvo.

Rundehaugstjørno ligg i randsona nord i planområdet. Vassprøvar tekne her i 1995 viste surleiksverdiar mellom pH 5,2 og 5,8 (Kålås mfl. 1996). Om desse vassprøvane er representative er dette litt surt for å vere eigna leveområde for elvemusling (Degerman mfl. 2009). Forsuringa har minka mykje etter 1995 i Sør Norge, etter ein periode på 30-40 år der forsuringa prega vassdraga.

Nedbørfeltet til bekken nedstrøms Rundehaugstjørno er lite, og bekken er truleg tørr eller nær tørr i tørre periodar. Her er likevel enkelte djupe holar med eigna substrat for elvemusling. Desse vart sjekka ved observasjon gjennom vasskikkert, men ingen funn av levande musling eller muslingskal vart gjort. Bekken fell bratt siste stykket mot sjøen.

Longavassbekken ligg i randsona sør i planområdet. Fire vassprøvar tekne i Langavatnet og Ellingdalsvatnet, som er kjeldene til Longavassbekken, i 1995 viste surleikar mellom pH 5,3 og 5,9 (Johnsen mfl. 1996), som er litt surt for å vere eigna som leveområde for elvemusling.

Elva renn nedst bratt ned i sjøen over sva, og her er ikkje mogleg for fisk å vandre opp frå sjøen. Oppstraums dette er ei lang flat elvestrekning med sand- og grusbotn opp til ca. 400 m frå sjøen, og den ser veileigna ut som habitat for elvemusling (til UTM 32 V 295986 6637430). Ovanfor dette området og opp til vegen er bekken brattare med grovare substrat. Oppom vegen går bekken mest gjennom myr og sump. Dei partia av heile elva som såg ut til å vere eigna for elvemusling, vart undersøkt gjennom vasskikkert, men verken levande elvemusling eller skal av elvemusling vart observert.

Konklusjon

Elvedelar som ligg inn under planområdet for vegutbetringar på FV 545 på grensa mellom Fitjar og Stord, vart undersøkt 26. september 2017 med omsyn på å avklare om her kunne vere førekomst av den raudlista arten elvemusling.


Tilhøva var gode for visuelle undersøkingar av aktuelle elvestrekningar, men ingen elvemusling vart påvist.

Dersom tettleiken av elvemusling er svært låg, kan desse vere svært vanskelege å oppdage. Dei kan også leve heilt nedgravne i elvebotnen. Ei heilt sikker avklaring av at ein ikkje har elvemusling i eit vassdrag vil i praksis vere uråd å utføre.

I dette tilfellet, med elvar der botntilhøva enten er ueigna og eller vasskvaliteten over lang tid har vore for dårleg til at elvemuslingen kunne rekruttere, er det likevel usannsynleg at her skal vere elvemusling.

Referansar

- Degerman, E., Alexanderson, S., Bergengren, J., Henrikson, L., Johansson, B.-E., Larsen, B.M. & Söderberg, H. 2009. Restaurering av flodpärlmusselvatten. – WWF Sweden, Solna. 62 s.
- Johnsen, G.H., S. Kålås & A.E. Bjørklund 1996. Kalkingsplan for Stord kommune 1995. Rådgivende Biologer AS, rapport 187, 33 sider, ISBN 82-7658-101-3
- Kålås, S., A.E. Bjørklund & G.H. Johnsen 1996. Kalkingsplan for Fitjar kommune 1995. Rådgivende Biologer AS, rapport 192, 31 sider, ISBN 82-7658-089-0
- Langelo, G. F. & G. Kristiansen. 2017. Kartlegging av naturmangfald og vassmiljø i samband med utarbeiding av reguleringsplan for Fv. 545 på Stord vestside. Fagrapport naturmangfald og vassmiljø. Rambøll, 22 sider.



Figur 2. GPS-spor etter feltarbeidet der det vart søkt etter elvemusling i grenseområdet mellom Stord og Fitjar på austsida av Dåfjorden for Statens vegvesen 29. september 2017.